# DET NORSKE TEATRET



1946—47

# MUSICA

Den nye norske grammofonplaten
med det populære repertoaret.

*- Fåes hos landets musikkhandlere. -*

MESTER

# S. Sahlin-Sveberg

BUNTMAKER

Stortingsplass 7 II, Værelse 206

*Pelskåper på lager og etter bestilling*

Søker butikklokale i Centrum

b159116570





Tegn Deres livsforsikring i

**GLITNE**

*det er god livskunst.*

*Alt i blomster*

TIL ALLE TIDER

**RINGSTAD & JØRGENSEN**

TORDENSKJOLDSGATE 2



*Harald Heide Steen*



*Ragnhild Hald*

A. DOLVE

MÅLARFORRETNING

OSLO — AKER

Merk: Ver ute i tide med å tinga det målararbeid De har tenkt utført i 1947, då arbeidskapasiteten er begrensa. Tlf. 37 11 15 — 37 52 55

**URD** *leses av hele familien!*

**Presentkort kr. 13,— pr. år.**

*Som gave —*
*en god idé!*

Eksp.: Øvre Slottsgate 21. Telefon 42 02 16



*Helge Essmar*



*Nils Hald*

**P. Hellerud**

Jacob Aallsgate 14, Oslo
Telefon 44 40 30

**Allslags byggjearbeid**

## *Centrum Hospits*

Tilreisende mottas. — Dobbelt-
værelser kr. 12.—. Enkle kr. 6.—.
Modernisert.

*Adresse:* Rosenkrantzgate 16, 2. etg.
Bestillinger i telefon 41 05 03



*Eva Sletto*



*Øyvind Øyen*

*Vi syr herreklær etter mål og prøve.*

**Osc. M. Johannessens Konfeksjonsfabrikk**

Storgt. 1 IV — Telefon 33 38 18



# Karel Capek

Karel Capek står som den mest typiske representanten for tsjekkisk litterært liv i den korte levetida til den fyrste tsjekkoslovakiske republikken i tida mellom frigjeringa frå det Habsburgske monarkiet i 1918 til den tyske okkupasjonen i mars 1939. Karel Capek har den mest intime samanheng med tsjekkiske åndstradisjonar — hans realistiske humanisme, hans hylling av kvardagen, hans levande interesse og medynk med «det vanlege menneske», hans «pragmatiske» livssyn, heile hans livsinnstilling er typisk tsjekkisk. Men samstundes makta hans fabuleringsevne, hans konstruktive fantasi og fyrst og fremst hans filosofisk underbygde evne til ålmennmenneskeleg problemstilling — å lyfte diktinga hans opp og fram på eit høgre og vidare plan. Det forklårar det faktum at denne diktaren som stod med begge føtene traust i tsjekkisk kvardag og levde og anda intenst med i kampen og arbeidet til sitt eige fedreland, vart åndeleg ålmenneige for heile den siviliserte verda, meir enn nokon annan tsjekkisk forfattar.

Dette gjeld fyrst og fremst skodespela til Capek, kanskje ikkje minst «Insektliv». Det har — dessverre — same aktualiteten i dag som i 1920, då det hadde urpremiere i Praha.

Karel Capek vart fødd 9. januar 1890. Far hans var ein landsbylækjar i Nord-Bøhmen. Både innhaldet og målet i diktinga hans ber bod om det nære sambandet han her fekk med småbønder, handverkarar og arbeidarar. Capek har nytta ut det tsjekkiske folkemålet meir enn nokon annan moderne tsjekkisk forfattar.

Capek studerte litteratur og filosofi i Praha, Berlin og Paris, og tok doktorgraden i 1915 på eit arbeid om pragmatismen. Etter krigen kom han med i det intense litterære livet i Praha, som dra-

# INSEKTLIV

Fantasikomedie i 5 bilete av *Josef og Karel Capek.*

Til nynorsk av *Ragnvald Skrede.*

Regi: *Hans Jacob Nilsen.*

Dekorasjonane av *Arne Walentin.*

Musikken lagd til rette av *A. K. Nielsen.*

Dansane ved *Gerd Fimland Bugge.*

Draktene ved *Dagny Eriksen* etter skisser av Arne Walentin.

P e r s o n a n e:

| | | |
|---|---|---|
| Landstrykaren | | Harald Heide Steen |
| Vitskapsmannen | | Ingolf Rogde |
| Apatura Iris | | Julia Back |
| Apatura Clythia | | Elisabeth Bang |
| Felix | Fiv-relde | Jan Pande-Rolfsen |
| Victor | | Gisle Straume |
| Otto | | Asbjørn Toms Larsen |
| Ei insektpuppe | | Eva Sletto |
| Gjødselbille-far | | Nils Hald |
| Gjødselbille-mor | | Ragnhild Hald |

| | | |
|---|---|---|
| Ei anna gjødselbille | | Pehr Qværnstrøm |
| Ein rovkvefs | | Helge Essmar |
| Åma hans | | Sossen Schjelderup |
| Ein grashopp | | Kåre Wicklund |
| Kona hans | | Siri Rom |
| Ein snyltar | | Alf Sommer |
| 1. ingeniør | | Øyvind Øyen |
| 2. ingeniør | | Pål Skjønberg |
| Ein oppfinnar | | Bjarne Andersen |
| Ein journalist | | John Birkehoel |
| Ein telegrafist | Maurar | Alf Mjølner |
| Herføraren til dei gule | | Helge Essmar |
| Ein blind | | Jan Pande-Rolfsen |
| Svarte og gule arbeidarar og soldatar | | |
| 1. døgerfluge | | Else-Marie Konstad |
| 2. døgerfluge | | Guri Ludt |
| 3. døgerfluge | | Jorunn Thorbjørnsen |
| Ein snigel | | Vilhelm Lund |
| Kona til snigelen | | Dagny Gurvin |
| Ein tømmerhoggar | | Amund Rydland |
| Ei kvinne | | Sonja Heiberg |
| Smågjenter | | |

Opphald etter 1. og 2. akt.

Orkesteret: Kapellmeister *A. K. Nielsen.*

maturg ved Stadsteatret og kulturredaktør i det venstre-liberale «Lidove Noviny». Utover i 20-åra skriv han så — ofte i samarbeid med broren, Josef Capek — dei skodespela som gav han eit verdsnamn som dramatikar: «Røvaren» (1920), «R.U.R.» (1920), «Insektliv» (1920), «Makropulos-saka» (1922), «Adam skaparen» (1927). I trettiåra skreiv han så «Den kvite pesten» og «Ei mor» under beinveges inntrykk av den nazistiske faren, som til slutt omveges kosta han sjølv livet. Karel Capek døydde av lungebrann i desember 1938. Lækjarane meinte han ville ha greidd sjukdomen, dersom ikkje hendingane kring München-«freden» hadde broti han heilt ned fysisk og psykisk.

**Olav Rytter.**

---



*Julia Back*



*Elisabeth Bang*

MESTER

*Alt i pelsvarer*

MESTER

Marit Langedahl & Co.

Pløensgt. 2 B - Telefon 42 63 03 - Oslo




*Han har en finger med i spillet--*

TRIKOT-DRAKTENE TIL «INSEKTLIV» ER LEVERT AV PEDEK

Pedek

Skal De leie festklær

RING

**Vålerengen Festklærbyrå**

Hedemarksgt. 10 **Tlf. 68 08 62**



*Møbel-forretning*

Telefon 37 62 01

**Einar Johannessen A.s**

Lochmannsgaten 2

Ved hjørnet Trondhjemsvn. - Kirkegårdsgt.



*Jan Pande-Rolfsen*



*Asbjørn Toms Larsen*

Livsforsikringsselskapet

*Sparetrygden A.s*

Fridtjof Nansens pl. 4, Oslo Telefon. Sentralbord 41 56 32

*Nu som før*
når det gjelder kaker og konditorvarer

E. BORGERSEN
*(Søstr. Næsmoens eftf.)*

Pløensgate 2 — Telefon 69 19 51



*A. K. Nielsen*



*Arne Walentin*



*Dagny Eriksen*

*Forretningsfolk*

*og andre som vil ha prentesakene sine på norsk, vender seg til:*

**JOHANSEN & NIELSEN BOKTRYKKERI**

Pilestr. 45b · Telf. 46 14 93, 46 26 92 og 46 75 42




Vi lager drops, dersom De har kvitt sukker.
Kort leveringsfrist. Minste kvantum 250 gr.

*Leidulv Lothe*

Nils Juelsgt. 70

*Kom innom eller ring 44 47 29*

NOREGS BOKLAG

Bokhandel — Papirhandel

Bøndernes hus Telefon 331374 · 331402

*Nerdrum og Thorkildsen*

BOKBINDERI

Akersgaten 7 Telefon 42 01 70

SPORTSUTSTYR

kjøper De best
og billegast hjå

BJØRNDALENS SPORTSFORRETNING

MARKVEIEN 58 OSLO TELEFON 37 00 69

# Unge kunstneres Samfunds utstelling i Det Norske Teatret.

Den spurnaden vi i Unge Kunstneres Samfund fekk frå Det Norske Teatret om å halde små kunstutstellingar i teatersalongen, vart vi sers glade for. Vi trur at det publikum som gjerne vil setja seg inn i moderne teater, vil ha interesse av det som går føre seg i moderne biletkunst òg.

U. K. S. er — trass i at vi nett har hatt 25-års jubileum — eit lag av ung biletkunst. Krava for å bli medlem er sers strenge — og alle arbeid som blir framsynte, må juryen til U. K. S. godtaka så både kunstnaren og publikum kan vera trygge.

Føremålet til U. K. S. er å gje gode vilkår for dei levande straumdraga i biletkunsten og høgje nivået, men vi ser det samstundes som ei stor oppgåve å knyte samband mellom publikum og biletkunst.

Som teatra har sine vener, har vi og «Vener av Unge Kunstneres Samfund», som no driv på med å skipa til ei serskild kunstforeining knytt til U. K. S. Venene betaler årspengar og har tilgjenge til alle dei vanlege møta i U. K. S. Kvart år skipar U. K. S. ei grafikk-utlotting mellom venene. Alle kan bli medlem i «Vener av Unge Kunstneres Samfund». Ein vender seg til sekretæren, Ingse Kaarsberg, Rådhusgt. 19, telefon 42 66 66.

I utstellinga i teatret denne gongen er desse kunstnarane med:

Arve Hagen, «Vinterefta» kr. 700,—.
Else Christie Kielland, «Frå Alversundet» kr. 1000,—.
Unni Sinding-Larsen, «Dømt skog» kr. 1200,—.
Olav Mosebekk, «Familien» kr. 800,—.

Arbeida er til sals gjennom U. K. S.'s kunstlokale «Kunst for varer», Rådhusgt. 19, og sekretæren vår, Ingse Kaarsberg, vil gje alle opplysningar i telefon 42 66 66.




Johansen & Nielsen — Oslo.